

SULA KOMMUNE

Plan og byggenemnd for diverse bygg

INNKALLING – MØTE NR 1/17

Møtedato: 22.03.2017
Møtestad: Sula rådhus
Møtetid: Kl. 17:00

Eventuelt forfall skal meldast til servicetorget, tlf 70 19 91 00.
Varamedlemmer møter berre etter nærare innkalling frå administrasjonen.
Møtet er ope for publikum.

Frammøte på Sula rådhus. Vi gjennomfører synfaring på gamle
Molvær skule i første del av møtet med felles avreise frå
rådhuset kl. 17.00.

Sula kommune
150317

Magne Sunde
utvalsleiar

Sakliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
001/17	Godkjenning av møtebok nr. 2/2016	
002/17	Orientering om flytting av Mylna senter	

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Jørn Agersborg	Arkiv:	K1 - 033
Arkivsaksnr:	17/457 17/5666		

Godkjenning av møtebok nr. 2/2016

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Plan og byggenemnd for diverse bygg	22.03.2017	001/17

Rådmannen si innstilling:

Møteprotokollen vert godkjent.

Tittel	Dok.ID
Protokoll - Plan og byggenemnd for diverse bygg - 23.11.2016	289042



MØTEPROTOKOLL

PLAN OG BYGGENEMND FOR DIVERSE BYGG

Møtedato: 23.11.2016
Møtestad: Sula rådhus

Møtetid: Kl. 17.00 - 18.00
Saksnr.:

Følgjande medlem møtte
Tove Anita Garte Vestre
Jostein Molvær
Magne Anton Sunde

Parti
AP
KRF
SUL

Forfall meldt frå følgjande medl.
Jan Einarsen
Mariann Stadsnes Fiskerstrand
Lars Gunnar Nesseth
Ulla Hay

Parti
FRP
FRP
H
V

Følgjande varamedlem møtte
Parti
FRP
FRP
H
V

Møteleiar:	Magne Anton Sunde
Frå administrasjonen:	John Magne Eikrem, Jørn Agersborg
Innkalling:	Ingen merknad
Sakliste:	Ingen merknad
Utlevert i møtet:	
Behandla saker:	Ingen saker behandla ut frå at at nemnda ikkje var vedtaksfør.
Orientering:	Dei frammøtte deltok på synfaring av byggeprosjektet nytt bukollektiv og dagsenter for demente leia av John Magne Eikrem. Etter synfaringa vart det gitt orientering om status i høve framdrift og økonomi. Framdrifta er god og etter oppsett plan. Det ser ikkje ut til å verte overskridingar når det gjeld kostnadar.
Sp.mål/interpell.:	
Diverse:	Trygve Holm, utvalsleiar for kultur, næring og miljø deltok på synfaringa.

Underskrifter:

Saksliste

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Jørn Agersborg	Arkiv:	K1 - 614, K2 - H34
Arkivsaksnr:	16/310 17/5663		

Orientering om flytting av Mylna senter

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Plan og byggenemnd for diverse bygg	22.03.2017	002/17

Rådmannen si innstilling:

Takast til vitande.

Bakgrunn for saka:

Mylna senter er vedteken flytta til gamle Molvær skule. Driftseining for Eigedomsforvaltning vil gjennomføre synfaring og orientere om framdrifta for ombyggingsarbeida på gamle Molvær skule.

Saksopplysningar:

Flytting av Mylna senter er vedteken i sak K-030/16. Vedtak i saka er:

Sula kommunestyre vedtek at tidlegare Molvær skule kan byggast om til nytt arbeidssenter og dagsenter for funksjonshemma. Aktivitetane til vaksenopplæringa, nytt hjelpemiddellager og butikken Kort og Godt skal lokaliserast i same lokale.

Sula kommunestyre godkjenner ei kostnadsramme på kr 14 443 750.

Kommunestyret vedtar følgjande budsjettendringar:

0.5 Investering nytt lokale Mylna: 14 443 750,-

Finansiering:

Mva-kompensasjon kr. 2 338 750

Auka samlelån kr. 12 105 000

Sula kommunestyre godkjenner eit låneopptak på kr. 12 105 000, med maksimal avdragstid etter rekneskapsføreskriftene.

Sula kommunestyre ber plan- og byggekomitéen gjennomføre byggeprosjektet snarast råd.

Vurdering:

Ombyggingsarbeida følger oppsett plan med sikte på flytting av Mylna senter til 1. april 2017. Nærmare orientering vert gitt under synfaring og på møte i etterkant.